


# Barndomsår i Nord-Troms

Minner fra 1930-åra

Av Reidun Mellem:



Gården Dalheim står ferdig med fjøs og våningshus. Privat foto.

## Del I: Om vinteren

Heimbygda mi er Elvevoll i Storfjord, ei lita bygd som dengongen bestod av 9 gårdar, alle med husdyr. Skolen holdt til i storstua til bestefar, han Lars Larsen, og lærarinna - ho Otilie Isaksen - bodde heime hos oss, der ho leigde tre rom. Eit av dei første minnebildra mine er dette: Eg sitt på armen hans far og viftar med eit skjærf eller tørkle mens eg blir boren fra fjøset og ned til nyhuset - der vi no skulle flytte inn. Eg var vel

omkring 2 år gammel. Som hos nybrottsfolk flest så var fjøset bygd først. Der hadde vi bodd eit år eller to, og der var eg fødd. I mellomtida blei så huset sett opp - av solid Nordreisa-tømmer, hogd og saga til oppe i dalen, deretter lafta opp til hus, så tatt ned og fløyta nedover elva - for til slutt å bli frakta med skøyte innover Lyngen og Storfjord. No stod gården Dalheim der, no kunne familien flytte inn i våningshuset: mor og far - Magna og Johan - storebror Johan på 7 og storesøster

Asbjørg på 6 å  
hausten fikk o  
Hittil hadde d

Mors dag var  
av hus og fam  
med lillebror  
etter krigen. Så  
sauer og høns.  
også gått i syla  
likte ho veldig  
trivdes best nå  
Dei første vint  
det så vidt - og  
så fikk han fas



Storfamilien er i ga  
Privat foto.

strekning av ve  
sa - sommarsti  
vegdekket - vi  
fokkskavlar.

Asbjørg på 6 år - og så eg som var «lillebanet». Om hausten fikk også husdyra flytte inn under eget tak. Hittil hadde dei lånt plass i fjøset til bestefar.

Mors dag var fylt av omsorg for mat, klede og reinhold av hus og familie. Barneflokken auka snart til fire - med lillebror Åsmund. Minstesøster Anne kom først etter krigen. Så var det stell av husdyra: kyr, kalvar, sauer og høns. Ho hadde strikkemaskin, og ho hadde også gått i sylvære og sydde ein god del for folk. Det likte ho veldig godt å gjøere. Far var nybrottsmann og trivdes best når han fikk drive med jordbruksarbeid. Dei første vintrane reiste han på Lofotfiske. Eg minnes det så vidt - og at vi fikk gaver når han kom heim. Men så fikk han fast arbeid med å ha tilsyn med ei viss



Storfamilien er i gang med høyonna. Forfattern er nr. 3 fra venstre. Privat foto.

strekning av vegen i området - «Kongsvegen», som vi sa - sommarstid med å rette opp vegggrøfter og reparere vegdekket - vinterstid med å ta seg av issvullar og fokkskavlar.

Ein dag då storesøskena mine var på skolen, så fikk eg oppdraget med å bringe mat og kaffe til han far. Det var endå den vinteren eg fylte sju år. Heit kaffe blei fylt på flaske og pakka godt inn i diverse tjukke ullplagg, og då var den enno ganske varm når den kom fram.

Det var dryge to kilometer dit han jobba den dagen, så eg fikk lov til å ta sparken, sjøl om han var litt stor og tung for meg. Vegen gjennom bygda vår var slett og grei, og den første litt store unnabakken klarte eg med glans. Verre var det i neste unnabakke. Der bar det inn i snøkarmen som snarast. Det var riktig ergerlig, for det kunne godt hende at ho Hansina såg dette fra kjøkkenvinduet - såg kor klønete eg var. Kor mye ho hadde sett, veit eg ikkje, men på neste søndagsforsamling så kom ho bort og prata med ho mor i pausen, og då skraut ho av meg, sa kor flink eg hadde vore å styre sparken på den glatte vegen. Det gjorde godt, minnes eg.

#### Arbeidsoppgaver for småfolk

Vinteren var elles den perioden då vi ungane hadde ganske god tid til leik og moro. Vi gikk i småskolen eller storskolen etter alderen vår - og møtte opp bare annankvar dag. Heime måtte leksene gjøres, ved sidan av ein del andre arbeidsoppgaver: vaske opp, fli golvet, strikke vottar, lestar og seinare også lusekofter til oss sjøl. Eg husker enno den dagen då eg fylte fem år. Då satt eg på lillekrakken attmed komfyren og fikk for første gang strikke på ein vottebunding - og det endå vottane skulle seljast på Skibotn marked. Då syntes eg nok at eg var flink.

Av arbeid elles så hadde vi å bere inn ved, kårde ull når mor spann, tvinne ullgarn, sørgje for spolar til veven, klippe mattefiller, tømme «brya» etter behov. Brya var eit langsmalt «pennal» av tre som var festa til vinduskarmen. Før dobbeltvindu var blitt vanlig, så fraus det is over rutene om natta, og den smelta og rann ned når fyringa kom i gang om morgonen. Då var

det lurt å ha ein vasskaup under kvar vinduskarm til å samle opp vatnet. Det var bare å sette ei bøtte under midten og så pirke opp korka i holet der, så rann det tomt på eitt-to-tre.

Arbeidsoppgavene følgde eit forholdsvis fast kjønnsrollemønster: Gutane vaska ikke opp. Dei hadde andre oppdrag: sage og hogge ved til både hus og fjøs, måke skikkelig veg mellom husa, hente vatn i elva - gjerne med ei lita tønne festa på ein kjelke - bere inn snø til vasstønna i fjøset, slik at det kunne tines til drikke for dyra. Og det var helst gutane som drog klesvasken ned til elva, hogg stort nok hol i elveisen og hjalp til med skyllinga. Å henge plagga opp på snora etterpå var ikkje lett, stivfrosne som dei var.

Også i fjøsstellet var barnehendene til hjelp: måke og sope fjøsgolv, tåge laus høy fra det tettpakka høystålet, bere vassbøtter til dyra, bere risved til fjøsgrua, fyre under den store gryta der vi laga «varm lunsj» av småhøy, matavfall og mel spesielt til melkekyrne, bere drikke til kalvane, gi hønene mat og hente inn egg. Sitte og holde på sauene under klippesjauen vår og haust samt å traske etter som kujagar når kyr blei leid til okse i nabolaget - det var fast arbeid for barn. Og vi jentene lærte tidlig å melke, slik at vi kunne ta i eit tak når det trengtes.

Alle desse oppgavene var spreidde utover dagar og veker, så vi hadde likevel tid til lek og anna tidsfordriv. Å renne på ski i bakkane var daglig aktivitet vinteren igjennom. Når vi datt slik at vi laga store groper i bakken med bakenden, så kalla vi det for å «traue». Utover på 1930-tallet brukte enno både voksne og barn komagar, og då hadde skiene bare ein stropp på tvers som vi putta foten inn i. Ville vi gjøre det riktig bra, så knaut vi eit snøre fra stroppen rundt bakom hælen og framover på andre sida av foten. Det fungerte som ein slags binding. Å skaffe seg stavar var aldri noe pro-

blem - det braut vi oss av passende busker eller greiner i vedskjulet. Først under krigen blei det meir vanlig med kjøpstavar og bindingar. Skismurning klarte vi oss utan, men far varma opp tjære på komfyren og smurte under skiene våre ved sesongstart, og etter noen dagar var dei glatte og fine for allslags føre.



Barn og ungdom fra Ellevoll på tur over Båri. Fjorden og Horsnesfjellet i bakgrunnen. Privat foto.

### Leik og moro

Då medlemmane av søskenflokket på fire var blitt store nok til å gå på ski alle i hop, så mangla det eit par ski hos oss. Det førte til ein smule diskusjon og krangel om kven som hadde mest rett til å bruke det som var. Dette fikk han Magnus fra Oteren høre - ein slektning som var innom på besøk - og han tilbød seg å lage eit nytt par til oss. Etter ei veker tid kom han med dei, nyolja og fine med ei pynterand langs kantane fram til tuppen. Gleda var stor i søskenflokket. Ingen problem med å komme seg i skibakken! Desse skiene fikk av

praktiske grunn Magnus'an kalla dette skiparet i drog sterkt og tok i bakkane. Trulstørr emneved, allefall den ein måtte brukes li så spurte ei nallåne dei. Ho ha i bakken. Det finne desse ski huset vårt, slik leita, og etter e Den eine skia v spjelkes. Ikkje ler. Så dermed

Etter som brør nabogårdane vping. Dei bygd både ovarenn alder i bygda, tok i hoppbak resultat - sjøl c

Men å renne p bakken, helst f laussnøen, flir Ein fin månesl mane i bygda kjelke, kanskje kar og styrte n jenter og gutar på. Virkelig gr inne mellom v bakkane på by Ellevoll-daler

ller greiner  
vanlig  
larte vi oss  
og smurte  
oen dagar



3

r blitt  
det eit par  
g krangel  
som var.  
lektning  
å lage eit  
d dei,  
e fram til  
problem  
ikk av

praktiske grunnar namn etter produsenten: Oter-Magnus'an kalte vi dei. Men etter ei tid oppdaga vi at dette skiparet ikkje var heilt til å lite på. Den eine skia drog sterkt og tydelig til venstre, så det blei mange fall i bakkane. Trulig hadde han Magnus ikkje hatt heilt tørr emneved, så etter som skiene tørka, så krokna i allefall den eine. No blei dei mindre populære, men måtte brukes likevel. Ein dag eg skulle inn for kvelden, så spurte ei nabo jente - noen år eldre enn meg - om å få låne dei. Ho hadde ikkje ski og ville så gjerne renne litt i bakken. Det fikk ho. Men neste dag kunne eg ikkje finne desse skiene. Jenta sa at ho hadde sett dei utafor huset vårt, slik avtalen var. Fleire ungar var med og leita, og etter eit par dagar fann vi dei i eit skogholt. Den eine skia var brekt tvert av - for stygt til å kunne spelkes. Ikkje var dei gode nok til slik behandling heller. Så dermed var Oter-Magnus'an ute av saga.

Etter som brørne mine og gutungane i dei nærmaste nabogårdane vaks til, så vaks også interessa for skihopping. Dei bygde hopp over alt og tøyde grensa for både ovarenn og hopplengde. Det var få jenter på min alder i bygda, så det blei til at eg følgde gutane og deltok i hoppbakken saman med dei. Med tilfredsstillande resultat - sjøl om det ikkje var det artigaste eg visste.

Men å renne på kjelke var kjempeartig. Hoie nedover bakken, helst fleire på same kjelke, tippe, rulle rundt i laussnøen, flire og styre - og så opp igjen til ny runde. Ein fin måneskinnskveld - minnes eg - var ungdommane i bygda ute på moro. Dei brukte ein riktig stor kjelke, kanskje ein hesteslede, og bakerst satt det ein kar og styrte med ei lang og tjukk stang. Her var både jenter og gutar med, og vi «småpeurane» fikk også sitte på. Virkelig grøss og gru og kjempemoro å sitte trygt inne mellom ungdommane mens sleden suste nedover bakkane på bygdevegen - jordbruksvegen oppover Elvevoll-dalen.

Å renne i revering var også ein morsom vinterleik. Vi trakka ein stor ring i snøen, med fire eller fleire stiar inn mot midten. Kvar av oss hadde «hus» der stiane nådde ringen. I midten stod reven, som kunne fri seg sjøl med å ta borti ein av dei som var i farta med å bytte hus. Og slik bytting skulle foregå heile tida. Ein annan «idrett» var å nesten flyge gjennom lufta. Då låg dei største ungane på rygg i snøen, med beina opp strekt opp. Vi andre sette oss så på fotsolene deires og fikk ein god dytt opp og fram. Så landa vi i ein god snøhaug eit stykke unna. Men ein gong var eg uheldig - landa på hælane i bakken og fikk eit trykk oppover så hardt at eg mista pusten. Det var fælt - og eg blei så forferdelig redd, for eg visste ikkje at pusten snart ville komme tilbake av seg sjøl. Etterpå trur eg ikkje at eg gav meg med på akkurat denne leiken meir.

Skeising dreiv vi også med - på små islagte dammar hist og her - eller på stålisen nederst i elveosen. Vi søskena hadde visst bare eitt par skeiser på deling, og dei hadde han far laga med skjæret av gamle ljåblad under solide treklossar der det var bora hol for snøre både framme og bak. Dei satt godt på komagane når vi stramma hardt til. Vi var så heldige å ha ei tante, søster til far-, i tjeneste i byen. Anna-tante som vi kalte henne. Ho kunne ein gong overrekke oss eit par brukte skruskeiser med fin sving på snabelen framme. Også dei kunne snøres på fotplagga våre. Flotte saker! Riktige skoskeiser skaffa eg meg først som ung lærarstudent og brukte dei ganske flittig dei nærmaste åra. Og seinare i livet så tok eg med dei fire barna våre på isen og lærte dei å gå på det som dei kalla skøyter. Av vinteraktivitetar elles må eg nemne bygging av både snømenn og snøhus når det blei mildt i veret og godt med kramsnø. Vi klappa opp minst halvmeterhøge veggjar, laga gjerne fleire rom og innreidde dei med snøbord og stolar og andre møblar etter behov. Var vi så heldige at det fraus på, så kunne vi ha desse leikeplassane lenge - med gjensidige besøk og fantasifull

«servering». Og her var det nok jentene som holdt ut lengst. Snøballkrig var leik for gutar. Vi jentene blei ikkje frivillig med på det.

### Julehøgtida

Ved juletider hadde vi våre faste gjøremål: sørge for at vedkassa ved komfyren var fylt skikkelig opp og at det blei stabla godt med vedskier innunder omnen. I tillegg skulle det stå sekkar med ved ute på trappa. Vasstønnene måtte fylles - både for hus og fjøs. Og vegane mellom husa måtte måkes ekstra breie til jul - med rette og fine snøkantar. Den store julerundvasken av stue og kjøkken var arbeid for dei vaksne, så der hadde mor leigd hjelp inntil at vi jentene blei store nok til å vere med. Baking og stryking hjalp vi til med etter kvart - med strykjern som vi varma på omnsplata. Å vaske i kjøkkenbenk og skap dugde vi godt til, og pussing var også vår jobb - enten det no gjaldt sølv- og nysølvskeier eller koppar- og messingsaker. Den store kopparkjelen, som no står i eit framskap i byen, skulle vere ikkje mindre enn spegelblank til jul.

Å skaffe råstoff til juletre var ein kjær tradisjon. Bartre veks ikkje vilt i bygda vår, og plantefelta fikk ingen lov til å røre. Men på dei fleste gårdane hadde dei ein høvelig lang stokk med fot under - der det var bora hol i passelig avstand oppover. Seinast lillejuleaften måtte ungane til skogs for å hente lubne einerkvistar til desse hola - lange nederst og kortare oppover. Då drog vi med oss ein kjelke og grynna vel og lenge omkring i skogen for å finne riktig tette og flotte kvistar. Så kom juletreet opp - og då dufta det storarta i huset - av frisk skog, grønnsåpevask og bakst av julebrød og søte kaker. Juletrepynten laga vi stort sett sjøl - kurvar og lenker og snorer med flagg - og så litt fin, kvit ull til englehår. I toppen satt ei stjerne av glitter, som saman med stearinlysa og lysholdarane nok var skaffa fra butikken.

Så var det julebadet. På bygdene hadde vi den gongen ikkje WC, men UD: utedass. Baderom og badekar mangla - det kom saman med elektrisiteten og innlagt vatn på slutten av 1950-åra. Men vi hadde badestamp - ein stor og romslig blekkbalje. På eine sida av komfyren hadde vi ein smal huk inn til kammersdøra. Der blei badestampen plassert og fylt med høvelig varmt vatn. Og når så ho mor sette ein høgrygga stol framføre baljen og hengte eit teppe over, så kunne badenymfen drive med sitt i fred og ro. Deretter ei lita kosetund framføre komfyren inne i eit stort badehandkle, og så på med reint undertøy og nye ullstrømper. Herlig!

I 1930-åra var det ikkje så vanlig med julegaver til barna - ut over enkelte nystrikka eller nysyddde klesplagg. Vi var veldig heldige, for hos oss fantes det både julenisse og gaver. Nabokona, ho Gunda Kristiansen, kona til vegoppsynsmann Ole Kristiansen, ho likte så godt å vere julenisse både for egne barn og for oss nabobarn. Ho kom opp til oss kvar einaste julekveld, og då fann ho ein sekk ute på trappa som ho kasta over aksla. Med gru og fryd hørte vi korleis nissen banka med staven sin - først ute på trappa, så på gangen og deretter på kjøkkendøra. Vi ungane visste jo at det var ho Gunda, men kven kunne vere heilt sikker? Så delte ho ut pakkane - etter at alle hadde forsikra ho om at vi hadde vore riktig snille dette året. Det var pakkar fra mor og far, gjerne teiknebok, blyant og farge-eske til kvar av oss, og så var det pakkar fra vår herlige Annatante. Og gjerne noe søtt og godt til sist. Stor stas!

Så kom julegrauten på bordet: risengraut med rosiner i. Tidligare på ettermiddagen blei det servert kjøttmølja: heimbakt flatbrød oppbløytt i kraftig god kjøttkraft fra rullkokinga og overaust med sirup. Det var gammel tradisjon i far si slekt, så det måtte han ha både julekvelden og nyårskvelden. Kaker og lefser kunne vi forsyne oss av så mye vi lysta. På juletreet var alle lysa tente, og vi var alle var kledde i våre beste klede. Det

var stor høgtid - riktig til å ta sangar, men vi gikk aldri rundt gjort i læstadianarheimane.

Første juledag var ein av åre. Då skulle folk holde seg inne på vegen den dagen, så sa vi julebukk, og det var det liksom. Men både andre og tredje jule med både uteleik og besøk. På middagen, samlas familien og far. Eg husker at han brukte å kvar av dei vaksne, og når alle glasset sitt og sa: «Skål - og gjentok dette, som ei helsing til det stor oppdekking med alle og små. Folk som kom på bes ha servering, for elles ville de

På slike samankomstar fikk vi er, både skumle og morsomme ein stor forteljar - med hulderier i hopetall. Radio var ikkje den gongen, men vi hadde så folk kunne fortelje. Både far og Vi fikk høre om dei store ostelande nedover fjellsida julen glede over fjella grytidlig på drane som kom vandrande fra strøk av landet og slo seg til Kjempesteinen oppe i dalen - kunne sjå ved sida av Hors for å plyndre nede i bygdene blei til stein då sola rann. All høre om Bøla ( av det finske holdt enno til i skogen oppe hente ungar som ståka og mørkt om kvelden!

te hadde vi den gongen  
derom og badekar  
elektrisiteten og innlagt  
n vi hadde badestamp -  
På eine sida av komfy-  
il kammersdøra. Der  
lt med høvelig varmt  
i høgrygga stol framføre  
så kunne badenymfen  
etter ei lita kosetund  
rt badehandkle, og så  
llstrømper. Herlig!

g med julegaver til  
a eller nysydde kles-  
hos oss fantes det både  
o Gunda Kristiansen,  
Kristiansen, ho likte så  
gne barn og for oss  
var einaste julekveld,  
appa som ho kasta over  
korleis nissen banka  
ppa, så på gangen og  
ane visste jo at det var  
e heilt sikker? Så delte  
de forsikra ho om at vi  
st. Det var pakkar fra  
vant og farge-eske til  
r fra vår herlige Anna-  
t til sist. Stor stas!

sengraut med rosiner i.  
det servert kjøttmølja:  
aftig god kjøttkraft fra  
up. Det var gammel  
te han ha både jule-  
og lefser kunne vi for-  
letreet var alle lysa  
våre beste klede. Det

var stor høgtid - riktig til å ta og føle på. Vi song jule-  
sanger, men vi gikk aldri rundt juletreet. Det blei ikkje  
gjort i læstadianarheimane.

Første juledag var ein av årets alle største helligdagar.  
Då skulle folk holde seg inne. Såg vi noen som gikk ute  
på vegen den dagen, så sa vi at han eller ho var ein  
julebukk, og det var det liksom litt skammelig å vere.  
Men både andre og tredje juledag var det fritt fram -  
med både uteleik og besøk. På andredagen, utpå etter-  
middagen, samlas familien gjerne i storstua hos.beste-  
far. Eg husker at han brukte å servere ein liten dram til  
kvar av dei voksne, og når alle hadde fått sitt, løfta han  
glasset sitt og sa: «Skål - og til lykke med jula!» Og alle  
gjentok dette, som ei helsing til kvarandre. Og så var  
det stor oppdekking med allsalgs god julemat for store  
og små. Folk som kom på besøk i juletida skulle alltid  
ha servering, for elles ville dei bere jula ut, blei det sagt.

På slike samankomstar fikk vi ofte høre mange histori-  
er, både skumle og morsomme. Bestefar var kjent som  
ein stor forteljar - med hulder-, skrømt- og draughistori-  
er i hopetall. Radio var ikkje særlig vanlig på bygdene  
den gongen, men vi hadde stor underhaldning i det  
folk kunne fortelje. Både far og mor var dyktige til det.  
Vi fikk høre om dei store ostane som alltid kom tril-  
lande nedover fjellsida julenatta, om sola som dansa av  
glede over fjella grytidlig påskemorgonen, om forfe-  
drane som kom vandrande fra Finland og fra andre  
strøk av landet og slo seg til her, om kjempen under  
Kjempesteinen oppe i dalen - og om dei to trolla som vi  
kunne sjå ved sida av Horsnestinden, som var på veg  
for å plyndre nede i bygdene langs fjorden, men som  
blei til stein då sola rann. Aller verst var det kanskje å  
høre om Bøla ( av det finske ordet pølatykset ), for han  
holdt enno til i skogen oppe i dalen og var svær til å  
hente ungar som ståka og ropte ute etter at det var blitt  
mørkt om kvelden!



Dei to trolla står enno der ved sida av Horsnestinden.  
Foto: Åge Mellem.

Far hadde ein kort periode i sin ungdom - åra 1916-  
1918 - altså under første verdskrigen, vore med på den  
store transporten av russisk krigsutstyr fra Skibotn til  
Silas, som ligg like innafor finskegrensa. Han kjørte  
med deires eigen hest som heitte Brona. Forteljingane  
herfra var noe av det mest spennande vi kunne få høre.  
Far fortalte ofte om opplevingane den gongen - og her  
var jo alt sant! Han hadde sjøl opplevd dette! At det  
adskillige år seinare skulle bli bok omkring dette stoffet  
- ei bok som heiter «Med russisk krigsutstyr gjennom  
Skibotndalen» - det var det ingen som visste.